DAGBOK NR. 5439 1982, 14/10
NORDMØRE SORENSKRIVEREMBETE

Rett kopi bekreftes
STATENS KARTVERK

Utdrag
av

rettsbok for Nordre Nordmøre jordskifterett for sak nr. 2/1977, slutta 22/10 1981, og

rettsbok for Møre og Romsdal jordskifteoverrett for sak nr. 4/1982, slutta 27/4 1982, Hjellnes gnr. 110 m.fl. i Halsa.

Utskrift

av

jordskifterettsboka for sak.nr.2/1977

HJELLNES m.fl. i Halsa,for Nordre Nord-

möre jordskifterett.

Avslutta 22.10.81.

STATENS KARTVERK

## Register.

s.1-5. Fremjing av saka.

s.6-8. Orskurd om eigedomstilhöva.

s.8-10. Klarlegging av grensestrekning mellom 110/4 og 110/56.

s.10-13. Bonitering av områder i skiftefeltet.

s.13-15. Planforslag.

s.15-16. om planforslaget.

s.16-20. Klarlegging av grense mellom Hjellnes og Sandnes.

s.20. Om gjensidige bruksretter i seterområdet.

s.21. Fortsatt dröftinger av planforslaget.

s.22. Endeleg vedtak av skifteplan.

s.23-24. Om grenser mellom skiftefeltet og tilstöytande tomteparseller.

s.24-25. Förebuingsmöte 6.okt.1981 för avslutning av saka.

s.25-29. Kap.I. Yttergrenser.

s.29-32. Kap.II. Grenser innan skiftefeltet.

s.32-34. Kap.III. Eigedomstilhöve.

s.34. Kap.IV. Gjerdehald.

s.34. Kap.V. Standskog.

s.35. Kap.VI. Rett til sand.

s.35-37. Kap.VII. Veger.

s.37. Kap.VIII. Jakt m.v.

s.38. Kap.IX. Avlöysing av gjensidige beiterettar.

Kap.X. Jordskiftets omfang.

s.38-40. kap.XI. Kostnader.

s.40. Kap.XII. Ymse.

Kap.XIII. Ikraftsetjing.

Kap.XIV. Kunngjering.

Kap.XV. Avslutning av saka.

s.41-44. Koordinatoppgave.

STATENS KARTVERK

Utdrag av Rettsbok

for

Nordre Nordmøre jordskifterett.

År 1979 den 8. mai ble jordskifterett holdt i huset til Stig Sæterbø.

Rettens formann: Jordskiftedommer Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn: 1. Per Vatten, Halsanaustan.
2. Lars Rognskog Henden, Betna.

Protokollfører: Jordskiftetekniker Edvin Sunde.

Sak nr.: 2/1977.

Parter: Stig Sæterbø, 110/1, 3, Leif H. Hjeldnes 110/50
Ola Hjeldnes 110/4, Ole Engli 110/8.

Saka gjelder: Krav om jordskifte av utmark til Hjellnes.

Til stede: Stig Sæterbø, 110/1,3, Helge Hjeldnes for
Leif H. Hjeldnes 110/50, Ola Hjeldnes 110/4,
Ole Engli 110/8.

På spørsmål frå rettsformannen var det ingen korkje av partane eller jordskiftemennene som kjente til tilhøve som skulle gjere nokon av rettens medlemer ugild. Jordskiftemennene har før skrive under på forsikring.

Jordskifteretten vart erklært for lovleg sett.

STATENS KARTVERK

Rettsformannen la fram:

Dok. nr. 1: Brev dat. 13. mars 1979 fra landbruksdepartementet der denne saka er overført til å administrerast av jordskiftedomaren i Møre og Romsdal u.f.s.

Dok. nr. 2: Krav om jordskiftesak dat. 9.02.1977, underteikna av Stig Sæterbø.

Stig Sæterbø for gnr. 110 bnr. 1 og 3 opplyste at den felles beiteretten som kviler på utmark til garden Hjellnes er til hinder for ei rasjonell utnytting av hans utmarksstrekninger.

Etter det han kjente til har i alle høve bnr. 1, 50, 8 og 4 felles beiterett i utmarka.

Han bad om at saka vart fremja i samsvar med kravet.

Helge Hjeldnes for 110/50, Ola Hjeldnes for 110/5, 8 og 52 uttalte at dei ikkje hadde noko mot at det vart fremja jordskifte over Hjellnes utmark.

Jordskifteretten saman med dei møtande partar gjekk deretter på synfaring i jordskiftefeltet.

Etter endt synfaring var jordskifteretten og partane samla til møte i rettslokalet.

Det viste seg nå at gnr. 110 bnr. 2 eigar Johannes J. Walsø også har teig innan garden Hjellnes si utmark. På spørsmål frå rettsformannen kunne heller ikkje partane være sikker på om det kunne være fleire bruk som hadde bruksrett under gnr. 110.

Johannes Walsø og evnt. andre bruksrettshavarar har såleis ikkje fått lovleg varsel til dette møte.

STATENS KARTVERK

Jordskifteretten finn det derfor nå ikkje forsvarleg å ta standpunkt til om kor vidt saka skal fremjast eller ei. Jordskifteretten vil ta standpunkt til dette i eit seinare møte der alle interesserte har fått lovleg varsel.

Kostnadene vil verte gjort opp i samband med eit seinare møte.

Jordskiftemennene hadde ikkje noko å merke til dette.
Rettsboka vart opplest. Til stades ved opplesinga var:
Stig Sæterbø.

Retten heva. Hjellnes, den 8/5 - 79

Hans O. Vikhagen
(sign.)

Lars Rognskog Henden (sign.) Per Vatten (sign.)

År 1979 den 8. juni vart Nordre Nordmøre jordskifterett sett på Hjellnes i Halsa.
Møtet vart halde i huset til Stig Sæterbø.

Rettsformann: Jordskiftedommer Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn: 1. Per Vatten Halsanaustan.
2. Lars Rognskog Henden, Betna.

Rettsbokførar: Jordskiftetekn. Edvin Sunde.

Sak nr. 2/1977.

Til stades: Stig Sæterbø 110/1, 3 , Helge Hjeldnes 110/50
Ola Hjeldnes 110/4, 36, Ole Engli 110/8, 5, 35, 52,
Halvard Enge for Halsa kommune 110/28, 68, 85, 86,
Margrete Vinje for Arne Hatlen 110/40,
Per Moen for Per Arve Moen 110/30,
Mary Fjelnseth 110/38.

Fylgjande skylddelingsdok. som vart framlagt i møte den 8. mai og i dette møte vert registrert i rettsboka slik:

STATENS KARTVERK

Dok. nr. 3. Skyldsætningsforr. dat. 23. juni 1873 vedr. gnr. 110/bnr. 4.

" " 4. Skylddelingsfor. dat. 7. okt. 1975 vedr. bnr. 5.

" " 5. - " - " 29. juni 1909 " " 8.

" " 6. Skjøte vedr. bnr. 52.

" " 7. Skylddelingsforr. dat. 11. nov. 1938 vedk. bnr. 50.

Dokumenta vart gjennomgått.

Det synte seg nå å vere meiningsskildnad mellom partane når det galdt beite i utmarka.

I fylgje dei framlagt skylddelingsdok. har fylgjande bruk beiterett i garden Hjellnes si utmark. Desse bruka er bnr. 1, 3, 4, 8, 50, 52.

Helge Hjeldnes og Ola Engli framheld at deira skylddelingsdok. måtte forståast slik at dei hadde fått utlagt både skog og beite til særeige i sine resp. skogteiger, i tillegg til dette skulle deira bruk vidare ha beiterett i bnr. 1 og 3's attverande utmark.

Ola Hjeldnes forstod dei framlagte dok. slik at beite var felles gjensidige bruksrettar i heile utmarka til garden Hjellnes.

Stig Sæterbø for bnr. 1 og 3 var av same meining som Ola Hjeldnes.

Samtlege partar viste til ordlyden i dei framlagte skylddelingsdokumnet.

Etter som partane i saka ikkje er samde om bruksrettstilhøva i dei aktuelle utmarksstrekningar er jordskifteretten komen til at den lyt avgjere dette spørsmålet i form av orskurd.

STATENS KARTVERK

Kommunens representant v/Hallvard Enge framsette nå krav om klårlegging av ei eigedomsgrense for kommunens eigedom bnr. 56.

Den aktuelle grensestrekning gjeld ein del av grensa mellom inn og utmark til garden Hjellnes.

Ole Engli framsette krav om at saka vart utvida til også å gjelde den beiterett som hans bruk bnr. 52 har på ein del av innmarka til bnr. 1 og 3.

Partane vart deretter permittert.

Jordskifteretten tok deretter opp til behandling om korvidt denne saka skulle fremjast eller ei.

Jordskifteretten skal merke:
Det er i alle høve klårt at der er felles beite i utmarksstrekninger under garden Hjellnes gnr. 110.

Ei rekkje mindre bruk er gjennom tida blitt utskild frå hovedbruka bnr. 1 og 3. Av desse bruka har bnr. 4, 8 og 50 fått utlagt skogteigar. Og vidare er det til enkelte bruk utlagt engslett-teigar.

Desse engslett-teigane er til dels inngjerda og tildels oppdyrka og det er full semje mellom partane at dei er til full eigedom.

Jordskifteretten er komen til at det vil være både praktisk og tenleg at bruksretten til beite i garden Hjellnes utmark vert avløyst slik at dei aktuelle eigedomar fritt kan disponere og verne om sine endelege arealer.

Jordskifteretten gjorde samrøystes slikt

Vedtak

Avløysingssak evnt. jordskifte over utmark og ein del innmark til garden Hjellnes vert å fremje. Vidare vert det fremja grensegang i samsvar med krav frå Halsa kommune av 8. juni 1979.

Vidare tok så jordskifteretten opp til behandling spørsmålet om omfanget av beiterettane i garden Hjellnes utmark.

Jordskifteretten sa slik

Orskurd.

I fylgje rettsboka gjeld tvisten om korvidt dei andre skogteigeigarane har nokon beiterett i bnr. 8 og 5o sine skogteigar.

Jordskifteretten skal merke:
Eigarane av bnr. 8 og 50 har nemlig påstått at dei er eineeigarar av både skog og beite i sine resp. skogteigar. I tillegg til dette skulle dei så ha beiterett i den attverande del av utmarka til bnr. 1 og 3.

Dei andre partane påstår derimot at beite er ein felles gjensidig bruksrett i alle skogteigar under gnr. 110.

Båe påstandar grunnar seg på forskjellig tolking av dei framlagte dokument.

Når jordskifteretten skal avgjera dette spørsmålet har den ikkje stort anna å halde seg til enn dei aktuelle bruks skylddelingsdokument.

Jordskifteretten kan ikkje sjå at det er gjort noko unnatak når det gjeld skogteigane til bnr. 8 og 50. Der er heller ikkje nemnt noko om gjerdehald for desse bruk sine skogteigar og der er ikkje opplyst for jordskifteretten at beitedyr har vore halde unna desse skogteigane på annan måte. Rett nok er der i dok. nr. 5 i samband med grensebeskrivelsen til bnr. 8 sin skogteig nevnt eit gjerde.

Jordskifteretten kan imidlertid ikkje sjå at dette har noko med etablert gjerdehald å gjera. Det er tydelegvis eit gjerde som har stått der fra tidligare tider og truleg

STATENS KARTVERK

oppsett av den tids eigar av hovedbruket.

Av dok. nr. 3 skulle det også gå tydeleg fram korleis oppfatninga av beite i utmarka til garden Hjellnes har vore.
" ---- samtlige Brug paa Gjeldnes i Fællesskab liggende Havnegang, hvilken Havnegang nu som før altsaa bliver at benytte i sammen med de øvrige opsiddere paa Gjældnæs."

Etter dette er jordskifteretten samrøystes komen fram til fylgjande

Slutning.

Beite i utmarka til garden Hjellnes er felles for fylgjande bruk: bnr. 1, 3, 4, 8, 50 og 52. Dette gjeld også beite i skogteigane til bnr. 8 og 50. I utlagte stølsteigar og slåtteteigar er det ikkje felles beite.

Orskurden vert stillt til påanke straks. Ankefristen er 2 månader rekna frå kunngjeringsdato.

Verdien av det tvisten femner over er over kr. 500,-.

Jordskifteretten vil halde fram med saka når ankefristen er ute eller der er kome til endeleg avgjerd.

Kostnader med saka til no:

---

Sum kr. 1.699,-

Orskurden vart kunngjort ved opplesing av rettsboka den 8. juni 1979.

Partane var på førehand gjort kjendt med tid og stad for kunngjeringa og fylgjande var til stades: Stig Sæterbø, Helge Hjeldnes, Ola Hjeldnes, Ole Engli.

Rettsformannen gjorde greie for reglane om anke.

Kostnadene vart forskottert slik:

Helge Hjeldnes forskotterte kr. 500,-

Ola Hjeldnes forskotterte kr. 600,-
Ole Engli - " - " 400,-
Stig Sæterbø - " - " 199,-

Rettsformannen opplyste at jordskifteretten har bestemt at økonomisk karverk skal nyttast som grunnlag for kart over dei aktuelle områder.

Dersom det syner seg nødvendig med kontroll og komplettering av det økonomiske kartet,så vert partane pålagt å syte for nødvendig handlangar hjelp i samband med dette arbeidet.

Saka vart deretter utsatt på ubestemt tid.

Retten heva.

Hjellnes, den 8. juni 1979.

Hans O. Vikhagen (sign.) Per Vatten (sign.) Lars Rognskog Henden (sign.)

År 1979 den 4. sept. vart Nordre Nordmøre jordskifterett sett i Kommunehuset i Halsa, Enge.

Rettsformann: Jordskiftedommar Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn: 1. Per Vatten, Halsanaustan.
2. Sivert Botten, Vågland.

Rettsbokfører: Jordskiftetekn. Edvin Sunde.

Sak nr. 2/1977, grensegang vedk. grenser for gnr.110/56.

Til stades: Halvard Enge for Halsa kommune og Gudrun Fjelnseth,
Einar Snekvik for Edv. Snekvik,
Ola Hjeldnes,
John Fjelnseth for Odd Fjelnseth.

Rettsformannen opplyste at jordskiftemann Lars Rognskog Henden har meldt lovleg forfall.

I hans stad er Sivert Botten innkalla som jordskiftemann.

STATENS KARTVERK

Sivert Botten har tidlegare gjort teneste som jordskiftemann. Ingen av partane hadde noko å merke til at Sivert Botten gjer teneste som jordskiftemann.

Retten vart erklært for lovleg sett.

Det er tidlegare opplyst for jordskifteretten at grensegangen galdt ei grense for kommunens eigedom bnr. 56 mot garden Hjellnes utmark.

Tilstøytande eigar i utmarka er bnr. 4 ved Ola Hjeldnes.

Fylgjande dok. vart framlagt:

Dok. nr. 8. Skylddeling vedk. gnr. 110 bnr. 56 av 10. juni 1941.
" " 9. - " - " " " " 21 av 7. mars 1913.
" " 10. - " - " " " " 72 av 24.10 1942.
" " 11. Kopi, utsnitt av kart i M = 1:1000 opptatt av Fjellangers oppmåling.
" " 12. Fullmakt frå Gudrun Fjelnseth til Halvard Enge.

Dei framlagte dok. nr. 8 - 12 vart gjennomgått. Jordskifteretten saman med partane gjekk deretter på synfaring i marka.

Under synfaringa vart først påvist nedslege jarnrøyr i det sydaustlege hjørne av eigedomen bnr. 21, vidare vart det sydaustlege hjørne av eigedomen bnr. 72 påvist.

Det vart opplyst for jordskifteretten at desse to punkta var uomtvista.

I dok. nr. 8 er grensa mellom dei to framafor nevnte punkt skildra ved fleire grensemerker. Desse grensemerka kan i dag ikkje påvisast då der har vore teke grus i området.

Representanten for bnr. 56 og eigaren av bnr. 4 vart imidlertid enige om grensa og ved slikt

Rettsforlik.

Grensa mellom gnr. 110 bnr. 4 på sydsida og gnr. 110 bnr. 56 på

nordsida tar til i påvist jarnrøyr (1) i det sydaustre hjørne av bnr. 21 og skal gå i rett linje med retning omlag VtN og 87,7 m til til nedsett stein (2) innhogd med kryss. Grensa går så vidare i same retning 0,4 m til nedslege jarnskinne (3), det sydaustlege hjørne av bnr. 72.

Kartkopi med innteikna grense vil verte lagt ved saka.
Dei fastlagte punkt skal innmålast og koordinatbereknast.
Jordskifteverkets funksjonærar skal syte for dette arbeidet.

Forliket trer i kraft den 4. september 1979.

Ola Hjeldnes
(sign.)

for Halsa kommune

Hallvard Enge
(sign.)

Kostnader:

---

kr. 865,40

STATENS KARTVERK

Kostnadene betales av Halsa kommune.

Rettsboka vart opplest.

Tilstades ved opplesinga: Hallvard Enge, Ola Hjeldnes.

Retten heva.

Enge, den 4. sept. 1979

Hans O. Vikhagen
(sign.)

Per Vatten (sign.)    Sivert Botten (sign.)

År 1979 den 5. sept. vart Nordre Nordmøre jordskifterett sett i kommunehuset i Halsa, Enge.

Rettsformann: Jordskiftedommar Hans O. Vikhagen.

Jordkiftemenn: 1. Per Vatten, Halsanaustan.
2. Sivert Botten, Vågland.

Rettsbokfører: Jordskiftetekn. Edvin Sunde.

Sak nr. 2/1977, jordskifte vedk. utmark til Hjellnes.

Til stades: Stig Sæterbø, Helge Hjeldnes, Ola Hjeldnes, Ole Engli.

Rettsformannen opplyste at jordskiftemann Lars Rognskog Henden har meldt lovleg forfall. I hans stad er Sivert Botten innkalla som jordskiftemann.

Sivert Botten har tidlegare gjort teneste som jordskiftemann. Ingen av partane hadde noko å merke til at Sivert Botten gjer teneste som jordskiftemann. Retten vart erklært for lovleg sett.

Jordskifteretten gjennomgjekk nå på nytt dei aktuelle bruk sine heimelsdokument.

Etter spørsmål frå jordskifteretten opplyste partane om kor mange dyr dei til vanleg hadde fødd på sine eigedomar.

STATENS KARTVERK

Opplysningane vart notert ned.

Rettsformannen opplyste deretter at jordskifteretten no ville ta til med boniteringsarbeidet i aktuelle områder, og at det var høve for partane å gå saman med jordskifteretten under dette arbeidet.

Ein såg først på aktuelle områder i den austre del av feltet.

Første dagen gjekk fylgjande partar saman med jordskifteretten: Helge Hjeldnes, Stig Sæterbø og Ole Engli.

Under synfaringa vart også påvist ein del eigedomsgrenser for bnr. 50 og 8.

I den samanheng synte det seg å være feil på det framlagte kart.

Rettsformannen opplyste at desse feila vil verte retta.

Den 6. sept. held boniteringsarbeidet fram. Jordskifteretten såg då på områder i den vestre del av feltet sydover til eit stykke forbi Hjeldnessetra.

Etter endt synfaring var jordskifteretten samla i rettslokalet der boniteringsresultata vart påført ein kopi av øk. kartverk.

Jordskifteretten drøfta deretter ymse alternativ til ein avløysingsplan, og same eins verdien av dei forskjellige bruk sine bruksrettar.

Resultatet av desse drøftingane som vil resultere i alt. avløysingsplaner vil verte lagt fram for partane ved eit seinare møte.

Kostnader med møte 5 - 6 sept.

---

Sum kr. 1.723,80

Etter samråd med partane skal kostnadene innbetalast på fylgjande måte.

Rettsformannen sender regning til Stig Sæterbø som ordnar med forskotteriing av beløpet og sender dette til rettsformannen.

Rettsformannen syter så for utbetaling til dei som har tilgode.

Saka vart deretter utsett på ubestemt tid.

STATENS KARTVERK

Rettsboka vart opplest.

Ingen av partane var tilstades ved opplesing av rettsboka.

Retten heva.

Enge 6. sept. - 79.

Hans O. Vikhagen (sign.) Per Vatten (sign.) Sivert Botten (sign.)

År 1979 den 26. sept. vart Nordre Nordmøre jordskifterett sett i kommunehuset, i Halsa, Enge.

Rettsformann: Jordskiftedommer Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn: 1. Per Vatten, Halsanaustan.
2. Sivert Botten, Vågland.

Jordskiftetekn. Edvin Sunde assisterte jordskifteretten.

Sak nr. 2/1977, jordskifte vedk. utmark til garden Hjellnes i Halsa.

Til stades. Ole Engli, Ola Hjeldnes, Stig Sæterbø.

Jordskifteretten la deretter fram utrekna forslag til avløysing og skifteplan for garden Hjellnes. Planene vart først vist for partane på kartet. Deretter var jordskifteretten saman med partane på synfaring i marka.

STATENS KARTVERK

Ein del av planen vart i grove trekk synt for partane der.

Under synfaringa vart det opplyst for jordskifteretten at Helge Hjeldnes ikkje møtte for skuld sjukdom.

Jordskifteretten og partane var då heller ikkje på synfaring i det området som var føreslege som avløysingsteig for Helge Hjeldnes sin eigedom bnr. 50.

Partane fekk høve til å kome med sine merknader til planen.

Ola Hjeldnes uttalte at han ikkje hadde noko å merke til planen.

Ole Engli derimot hadde vesentlege merknader til planen.

Han hadde då ikkje noko imot at hans gamle teig dei såkalla "Kamslåene" vart utlagt i samband med beiteteig ved Hjeldnessetra.

Derimot kunne han ikkje gå med på at hans hestbeiterett vart utlagt der. Han framheld at ein avløysingsteig for hestbeite måtte leggast ut i heimeutmarka, med kortast mogleg adkomstveg frå heimetunet.

Han framheld vidare at hans eigedomsteig på ca. 1,6 da burde regulerast om til samband med hovedteigen for innmarka. Stig Sæterbø var mot ei slik omregulering då han hadde planlagt dyrking i det akt. område.

Jordskifteretten drøfta deretter dei innvendingar som var reist mot planen.

Jordskifteretten kom då til at det skal utarbeidast alt. nye forslag til ein avløysing og skifteplan.

Kartkopi med innteikna planforslag skal sendast samtlege interesserte partar.

Saka vart deretter utsett på ubestemt tid.

Kostnader:

---

Sum kr. 833,-

som vart forskottert slik: Ole Engli forskotterte kr. 300,-, Stig Sæterbø kr. 533,-.

Rettsboka vart opplest.

Tilstades ved opplesinga var dei same som ved åpning av møtet.

Retten heva.

Enge, 26. sept. 1979.

Hans O. Vikhagen (sign.)   Sivert Botten (sign.)   Per Vatten (sign.)

År 1980 den 6. mai vart Nordre Nordmøre jordskifterett sett i kommunehuset i Halsa, Enge.

Rettsformann: Jordskiftedommer Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn: 1. Per Vatten, Halsanaustan
2. Sivert Botten, Vågland.

Jordskiftetekniker Edvin Sunde assisterte jordskifteretten.

Sak nr. 2/1977. Jordskifte vedk. utmark til garden Hjellnes i Halsa.

Til stades: Stig Sæterbø, Helge Hjeldnes, Ola Hjeldnes, Ole Engli og Arnt Engli.

Frå nabogardane Sandnes gnr. 111 og 112 var eigarane av gnr. 111 bnr. 1, 2, 3 og eigarane av gnr. 112 bnr. 1,2,3,4 og 5 innkalla ved rek. brev, men ingen av desse møtte.

Rettsformannen la fram:

13. Innkalling til jordskifterett dat. 10/4 1980.
14. Bemerkninger til "forslag til skifteplan", dat. 15/12-1979 fra Helge Hjeldnes.
15. Vedr. forslag til skogsveg, framkomstveg dat. 26. mars 1980 fra Helge Hjeldnes.
16. Merknader til forslag om skifteplan dat. 23/4-1980 fra Ole Engli.

STATENS KARTVERK

Rettsformannen opplyste at ifølgje innkallinga var det jordskifterettens meining å ta opp til behandling ein del av yttergrensa for garden Hjellnes mot nabogardane Sandnes store og lille. Då ingen frå gardane Sandnes møtte, ville ein difor først ta opp til behandling planforslaget for Hjellnes utmark. Dei framlagte dokument 13 - 16 vart deretter opplest. Partane fekk deretter høve til, muntleg og ved hjelp av kartet, nærmare å gjere greie for sine innvendingr. Helge Hjeldnes og Arnt Engli uttalte seg om planforslaget.

Etter at jordskifteretten hadde drøfta innvendingane mot planen, kom ein til at der skulle utarbeidast endå eit forslag til skifteplan.

Jordskifteretten gjekk deretter på synfaring i aktuelle områder. Etter endt synfaring vart partane frå Hjellnes opplyst at dei ville få skriftleg innkalling til eit nytt møte der nytt alternativ for skifteplan ville verte framlagt. Partane vart deretter permittert for denne dagen. Jordskifteretten drøfta deretter rettningsliner for utrekning av nytt forslag til skifteplan.

Dagen etter, den 7. mai, var jordskifteretten saman med partar på synfaring langs ein del av den uklåre grensa mellom garden Hjellnes og gardane Sandnes Store og Lille. Partane var på førehand varsla om møtet og følgjande møtte: Stig Sæterbø for gnr. 110, bnr. 1 og 3, Arnt J. Sandnes for gnr. 112, bnr. 3 og 4, Magne Hestflott for gnr. 111, bnr. 3. Rettsformannen opplyste at Stig Sæterbø også har kravd avløysing av gjensidige beiterettar mellom garden Hjellnes og gardane Sandnes Store og Lille. I samb. med dette kravet finn jordskifteretten det nødvendig å få klårlagt den akt.

STATENS KARTVERK

grensestrekning. Under arbeidet med komplettering av kartet over Hjellnes utmark er jordskifteretten gjort kjent med at ein del av yttergrensa for garden Hjellnes frå Ørnskaret og sydvestover til ein stor stein under lia er uklår. På spørsmål frå rettsformannen uttalte samtl. frammøtte partar at dei var interessert i å få den aktuelle grensestrekning klårlagt.

Rettsformannen la deretter fram og gjennomgjekk
Dok. nr. 17. Udskiftning av 16 de. October 1832.

Under synfaringa gjekk det fram at grensemerket i Ørnskaret og "Stor Steen under Fjeldet" var uomtvista.

Båe partar var også samde om at grensa skulle gå i ein sving mellom dei to uomtvista punkta. Men av praktiske grunnar ville dei framsette sine påstander slik at det vart rette liner mellom faste punkt.

Arnt J. Sandnes og Magne Hestflott for gardane Sandnes uttalte at dei fann det heilt naturleg at den svingen, som dok. 17 nemner skulle gå mot nord slik at grensa vert gåande sydover etter djupaste skaret eller dalen nedover frå Ørnskaret. Av praktiske grunner ville dei då halde seg til eit bestemt punkt oppe i lia. Som hjelpepunkt for deira påstand vart det merkt ei bjørk, nummerert II. Arnt J. Sandnes og Magne Hestflott framsette slik

Påstand.

Ein del av grensa mellom garden Hjellnes på nord og vestsida og gardane Sandnes på syd og austsida tar til i uomtvista kryss i fjell i Ørnskaret og går i rett linje med retning merket bjørk II, og så langt nedover som 3/4 av lia,målt frå Ørnskaret (krysset). Her vinkler grensa og går i rett linje til borhol i ein stor stein under lia, og vidare i rett linje

til kryss med bolt i ein stor stein i Slettheølen.

Stig Sæterbø uttalte at dok. nr. 17 ikkje nemner noko om kva retning den nevnte svingen skal gå. Men han fann det då ikkje unaturleg at svingen var meint å skulle gå nordover, men då ikkje så langt mot nord som påstått frå garden Sandnes. Stig Sæterbø markerte sin påstand ved merket furu I litt lengre syd og framsette slik

Påstand.

Ein del av grensa mellom garden Hjellnes på nord og vestsida og gardane Sandnes på syd og austsida tar til i uomtvista kryss i fjell i Ørnskaret og skal gå i rett linje til merket furu I nede i lia. Vidare skal grensa gå i rett linje til borhol i stor stein under lia, og vidare i rett linje til kryss, med bolt, i ein stor stein i Slettheølen.

Jordskifteretten drøfta så vidare med partane kravet om avløysing av gjensidige beiterettar mellom gardane Hjellnes og Sandnes. Partane sine meiningar om dette vart notert ned.

Dei frammøtte partar vart deretter permittert.

Jordskifteretten sa deretter orskurd vedr. den uklåre grensestrekning frå Ørnskaret til Slettheølen.

Orskurd.

Partane sine påstander går fram av rettsboka framafor.

Jordskifteretten skal merke.

I dok. nr. 17 "Udskiftning" av 24. oktober 1832 finn ein beskrivels av den omtvista grensestrekning slik.

" - i et Bjerg i Sæterkleven mærket et Sted kaldet Ørenskaret og derifra bliver et Bugemærke det er Mærke som gaaer i en Sving - i en stor Sten under Fjeldet mærket med XII

STATENS KARTVERK

og strækker sig derifra til Elven i et Sted kaldet Slethølen."

Grensepunkta i Ørnskaret, den store steinen og Sletthølen er uomtvista.

Mellom Ørnskaret og den store steinen under fjellet skulle grensa gå i "en Sving", uten at denne svingen er markert ved faste punkt. Jordskifteretten finn det rimeleg at partane har vore usikre på korleis denne delen av grensa skulle gå.

Båe partar har då like vel greidt framsett sine påstander på grunnlag av slik dei har funne det praktisk og naturleg at grensa var meint å skulle gå.

Båe påstander er innmålt og innkonstruert på kartet.

Resultatet av innmålinga syner imidlertid forholdsvis liten skilnad.

Med grunnlag i terrengformasjon og dok. nr. 17 finn ikkje jordskifteretten grunn for å gi nokon av partane serskild medhald i deira påstand.

Det areal tvisten famner om er sers lite og jordskifteretten finn det naturleg å fastsetje ei grense som nokon lunde halverar dette arealet.

Slutning.

STATENS KARTVERK

Ein del av grensa mellom garden Hjellnes på nord og vestsida og gardane Sandnes på syd og austsida tar til i uomtvista kryss i fjell i Ørnskaret og skal gå i rett linje til kryss i ein stor stein nede i lia.

Vidare skal grensa gå i rett linje til borhol i ein stor stein under lia, og vidare i rett linje til kryss, med bolt i ein stor stein i Sletthølen.

Orskurden er samrøystes. Verdien av det arealet tvisten famner om er under kr. 2000,-.

Sakskostnadene med grensetvisten vert fordelt med kr. 300,- på gardane Sandnes og med kr. 300,- på garden Hjeldnes, for den siste ved Stig Sæterbø.

Den 10. juni 1980 var jordskifteretten atter samla til møte med partane i rettslokalet.

Samtl. interesserte hadde fått skrifteleg innkalling.
Frå garden Hjellnes møtte samtlege.
Frå gardane Sandnes møtte:
Magne Hestflott og John Dyrset.

Rettsformannen la fram:
Innkalling til møte i jordskifteretten dat. 9/5-1980.

Rettsboka frå jordskifterettens møter den 6. og 7. mai vart ref.

Vidare vart framlagt:
Markegangsforretning av 12.te november 1860. Av dette dok. går det fram at gardane Sandnes og Hjeldnes innan avgrensa områder i setermarka har felles gjennsidige beiteretter.
Stig Sæterbø og John Dyrset fann det mest praktisk at desse bruksrettane nå vart avløyst slik at grensa mellom gardane for ettertida vart grense både for eigedom og bruk.
Magne Hestflott såg helst at desse bruksrettane framleis måtte stå ved lag.
Rettsformannen opplyste deretter at jordskifteretten ville vurdere og ta standpunkt til desse bruksrettane.

Deretter vart så framlagt nytt utrekna forslag til jord-skifte - avløysingsplan.

Etter ein pause i forhandlingane fekk partane høve til å kome med sine merknader til planen.

Arnt Engli for Ole Engli framheldt at eit utmarksareal den såkalla Arntrøskogen nå burde tilleggast bnr. 8 som ein del av dette bruks andeler i utmarka. Han var klår over at dette området, på forslag til reguleringsplan, var tenkt utlagt som friareal. Men framheldt at dette ikkje vedkom jordskiftesaka. Elles kom der berre mindre merknader til planen. Partane vart deretter permittert til kl. 15 same dag.

I mellomtida drøfta jordskifteretten planforslaget og merknadene som var framkomne til planen.

Jordskifteretten skal merke:

Etter at der er utarbeidt fleire planforslag er jordskifteretten komen til at det er denne siste planen som er mest tenleg.

For å få til ein tenleg plan har jordskifteretten utvida sitt vedtak til også for ein mindre del å gjelde jordskifte.

Bnr. 8's eigedomsteig, "Sommerfjøsskogen" finn jordskifteretten det mest praktisk å leggje ut i samband md bnr. 8's heimeteig. Sommarfjøsskogen går så attende som eigedom til bnr. 1.

Når det gjeld den såkalla Arntrøskogen, som rett nok grensar inn til bnr. 8's heimeteig, så finn ikkje jordskifteretten det forsvarleg å ta denne med i jordskiftet. Teigen er lite tenleg som grunnlag for beiteområde og heller ikkje som skogareal. Teigen er vidare utlagt som friareal i eit forslag til reguleringplan. Dette gjør det sannsynlig at området har andre verdiar for hovedbruket. Det kan såleis ikkje vere i samsvar med jordskiftelovens intensjoner å tillegge dette arealet til bnr. 8.

STATENS KARTVERK

Ei mindre regulering av grensa bør likevel gjennomførast slik at bnr. 8 får meir romsleg innkøyring til si låvebygning.

Når det gjeld planen elles finn heller ikkje jordskifteretten å gjere nokor endring.

Jordskifteretten gjorde deretter samrøystes slikt

vedtak.

Planen for jordskifte - avløysing på garden Hjellnes vert å gjennomføre slik den vart synt for partane i jordskifteretten den 10. juni 1980. Regulering av grensa mot Arntrøskogen skal utførast i samb. med utstikking av dei nye grenseliner mot ei mindre nødvendig justering av planen.

Jordskifteretten overlet til jordskiftefunksjonærane det tekniske arbeidet med utstikking og avmerking av dei nye grenseliner.

Nødvendig grensebeskrivelse skal takast inn i rettsboka.

Oppgjer vedk. standskog, gjerdehald, framkomstveger m.v. vil verte tilført rettsboka seinare.

Når det gjeld dei gjennsidige beiterettar i setermarka mellom gardane Sandnes og Hjellnes så finn jordskifteretten det mest praktisk for framtida at desse rettane vert avløyst. Vurdering ell. avløysingsmåte vil verte tilført rettsboka i samband med avslutning av saka.

Saka vart deretter utsett til dei nye grenseliner er stukne og avmerkt i marka.

Kostnader.

---

Sum kr. 2368,-

STATENS KARTVERK

Rettsboka vart deretter opplest.

Fölgjande var tilstades ved opplesinga:

Ole Engli og Arnt Engli,Helge Hjeldnes,Ola Hjeldnes og Stig Sæterbö.

Kostnadene vart forskottert slik:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ola Hjeldnes | forskotterte | kr. | 1000,- |
| Helge Hjeldnes | - " - | " | 600,- |
| Ole Engli | - " - | " | 768,- |

Rettsformannen betaler så ut til dei som har til gode.

Retten heva.

Enge den 10.juni 1980.

| | | |
|---|---|---|
| Hans O. Vikhagen | Sivert Botten | Per Vatten |
| (sign) | (sign) | (sign) |

År 1981 den 6.oktober vart Nordre Nordmöre jordskifterett sett i det gamle kommunehuset på Enge.

Rettsformann:Jordskiftedommar Hans O. Vikhagen.

Jordskiftemenn:1.Per Vatten,Halsanaustan.

2.Sivert Botten,Vågland.

Rettsbokförer:Jordsk. tekn. Edvin Sunde.

STATENS KARTVERK

Sak nr.2/1977.Jordskifte over utmark til garden Hjellnes.

Til stades:Stig Sæterbö 110/1,3,Helge Hjeldnes 110/50, Ola Hjeldnes 110/4,36,Ole og Arnt Engli 110/8,52,Einar Snekvik for Halsa kommune 110/28,68,85,86 og Halsa komm. kraftverk 110/46,79,Grete Skoglund v/Helge Hjeldnes 110/80, Trygve Myren 110/31,Reidar Jakobsen for Birgit Jakobsen 110/34,Iver Iversen for Bergljot Iversen 110/78,Halvor K. Haltbakk 110/16,Ragna Gillebo for Johannes Gillebo 110/14, Lars Elgsås for Magnus Elgsås 110/96,Sverre J. Hestnes for 110/32.

Rettsformannen opplyste nå at mesteparten av grenseavmerkings arbeidet var utfört.Vedk. grenser mellom inn-og utmark var også grenser for ei rekkje mindre tilstöytande eigedomar av-merkt.Avmerking og innmåling av slike grenser var gjort i sam svar med slik dei var påvist av partar eller representanter for dei aktuelle tilstöytande eigedomar.

Desse grensestrekningane var innkonstruert på ein kartkopi med M= 1:1000.Jordskifteteknikер Sunde gjennomgjekk nå kart-et saman med dei aktuelle partar,dei som mötte.Ingen av desse hadde noko å merke til avmerkingsarbeidet.Tistöytande grense-strekningar for bnr.32,34 og 96 var ennå ikkje klårlagt.

Jordskifteretten saman med Reidar Jakobsen for bnr.34,Lars Elgsås for bnr.96,Sverre Hestnes for bnr.32,Stig Sæterbö for bnr.1,3 og Ola Hjeldnes for bnr.4,gjekk deretter på syn-faring for å sjå på desse grensestrekningane.

Under synfaringa vart dei aktuelle grenser påvist og retts-for mannen opplyste at grensene ville verte avmerkt og innmålt i samsvar med slik dei var påvist.Etter ein pause i forhand-lingane heldt mötet fram i rettslokalet.

Sverre Hestnes for bnr.32 opplyste nå at det var vanskeleg for han å kome fram til sin eigedom etter sin gamle vegrett.

På spörsmål frå rettsformannen uttalte partane på garden Hjeldnes at dei ikkje hadde noko å innvende mot at bnr.32 fekk vegrett etter Grytdalsvegen som erstatning for sin gamle vegrett.

Ola Hjeldnes for bnr.4 hadde heller ikkje noko å innvende mot at eigaren av bnr.32 fekk ein vegrett frå Grytdalsvegen over bnr.4 fram til bnr.32.

Detaljerte bestemmelser om desse vegrettane vil verte teke inn i rettsboka under kapitlet vegar.

Ellers dröfta så jordskifteretten vidare,med partane,spörsmål

STATENS KARTVERK

som framkomstveger,gjerdehald,standskogoppgjör,avlöysing av gjensidige beiterettar til garden Hjellnes og gardane Sandnes.Det vesentlege av det som kom fram under desse dröftingane vart notert ned.

Etter endt forhandlingar vart det tillyst avslutningsmöte den 22.okt.1981,kl.15.00 i sam rettslokale.Partane ville ellers få skriftleg innkalling til dette mötet.

Rettsformannen opplyste deretter at jordskifteretten i mellomtida ville samlast og ta avgjerder i dei spörsmål som var reist i dette mötet.Dei vedtak jordskifteretten kom fram til vil verte tilfört rettsboka under sine serskilde kapitel.

Jordskifteretten overlet elles til jordskiftefunksjonærane å syte for at grensebeskrivelse vert tilfört rettsboka.

Grensebeskrivelse.

I.Yttergrenser.

Grense nr.1 mellom Hjellnes gnr.110 på nord og vestsida og Sandnes Store og Lille h.hv. gnr.111 og 112 på syd og austsida,tar til i sjöen og går rett med retning omlag $273^g$ til kryss i berg (1) på vestsida av riksvegen og vidare i same retning 76,3m til punkt (2),gamal grensefuru.Grensa går så vidare rett,omlag $219^g$ og 1,7m til bolt i berg (3),41,7m til bolt i berg (4),like ved den gamle bygdevegen.Vidare rett omlag $248^g$ og 34,6m til kryss i jordfast stein (5),Vidare går grensa rett,omlag $249^g$, 58,7m til kryss i jordfast stein (6),51,9m til nedsett stein (7),44,4m til nedsett stein (8) og 78,4m til bolt i berg (9) i Sæterkleiva.

Grensa går så vidare rett,omlag $273^g$ og 66,6m til kryss i

STATENS KARTVERK

berg (10),39,7m til nedsett stein (11),92,7m til nedsett stein (12),140,4m til nedsett stein (13) og 1,4m til vinkelpunkt,gamal furu.Vidare går grensa rett,omlag $267^g$ og 1,0m til nedsett stein (14),62,6m til kryss i jordfast stein (15),82,5m til nedsett stein (16),72,2m til nedsett stein (17),121,9m tilnedsett
183,1m til nedsett stein (19),92,9m til nedsett stein (20)
stein (18) og 22,8 m til kryss i jordfast stein (21) i Örnskaret.

Grensa vinklar atter her og går rett,omlag $286^g$, (183m) til kryss i jordfast stein (22) og 53,1m til kryss i jordfast stein (23).Vidare går grensa rett,omlag $225^g$,84,9m til nedsett stein (24) og 94,5m til kryss (25) i ei stor steinblokk.
Vidare går grensa rett med retning,omlag $204^g$,69,6m til nedsett stein (26),66,6m til nedsett stein (27),100,5m til nedsett stein (28),81,4m til nedsett stein (29) og 81,3m til bolt i stor stein (30) i Sletthölen.
På strekninga,grensepunkt nr.21 og til grensepunkt nr.30,er grensa stukken og avmerkt i samsvar med jordskifterettens orskurd av 7.mai 1980.
STATENS KARTVERK
Grense nr.2.I vest stöyter så jordskiftefeltet til gardane Hjellnes,Engelien og Enge, h.hv. gnr.110,106 og 107.På denne strekning er det Grytåa som er grense for jordskiftefeltet.Grensa i elva går slik som innteikna på jordskiftekartet over Hjellnes og jordskiftekart over Engelien og Enge,det siste opptatt 1956-1957.
Grense nr.3 er grensa mellom skiftefeltet og tilstöytande innmark og tomteparsellar.
Grensa tar til i Grytåa og går rett omlag $115^g$ til kryss i stein (31) i elveforbygninga,22,5m til nedslått jarn (32)(3).Vidare rett omlag A.tS. o,4m til nedsett stein (33)(2),87,7m til jarnröyr (34)(1),vidare rett,omlag $180^g$,42,9m til jarnröyr (35),vidare rett omlag $77^g$,6,0m til kryss i mur (36),vidare,omlag $184^g$,12,3m til kryss i mur (37),vidare,omlag $86^g$,6,8m til jarnröyr (38), vidare omlag $173^g$,11,7m til jarnröyr (39),vidare omlag $110^g$,7,5m

til sydvestre hjörne av lagerhus (40) og omlag 76$^{g}$,6,4m langs söndre side av nemnte lagerhus og vidare i same retning til grensa for riksveg nr.71.Grensa går så vidare austover etter sydgrensa for riksvegen til denne når grensa for bnr.14.Grensa går så vidare rett,omlag 135$^{g}$ til bolt i stein (41) nær veggrensa,vidare, 21,4m til bolt i berg (42).Vidare rett,omlag 179$^{g}$,28,9m til bolt i berg (43),vidare rett,omlag 148$^{g}$,13,9m til bolt i stein (44), vidare rett,omlag 126$^{g}$,48,1m til bolt i stein (45),vidare rett,omlag 22$^{g}$,23,9m til bolt i stein (46) og i same retning til den gamle riksvegen.Grensa går så vidare etter sydsida for den gamle riksvegen,austover til den når grensa for bnr.16.Grensa går så vidare rett,omlag $\overset{2}{22}^{g}$ til bolt i berg (47) nær vegen og 13,9m til nedsett stein (48).Vidare går grensa rett,omlag 120$^{g}$,24,0m til bolt i berg (49), vidare rett,omlag 11$^{g}$,12,7m til bolt i berg (50) og vidare i same retning til sydgrensa for riksvegen.

Grensa går så vidare austover etter sydgrensa for riksvegen til der denne grense når nordgrense for Rörgate bnr.85.Frå sydgrensa av Rörgate går så grensa vidare rett, omlag 176$^{g}$ over bolt i berg (51),24,9m til bolt i berg (52), vidare rett,omlag 117$^{g}$,36,2m til kryss i jordfast stein (53) vidare rett,omlag 89$^{g}$,10,3m til rund jarnpåle (54) i ein bekk.Grensa går vidare sydover,12,6m etter midten av bekken til kryss i jordfast stein (55),vidare rett,omlag 140$^{g}$, ,30,9m til nedsett stein (56),vidare rett,omlag 75$^{g}$,25,4m til jordmerke (57) og vidare i same retning til den når vestgrensa for bnr.46.Grensa går så vidare rett,sydover omlag 3,5m etter vestgrensa for bnr.46 til jordmerke (58). Vidare rett omlag 78$^{g}$,37,2m til jarnskine (59),vidare rett,

STATENS KARTVERK

omlag $67^g$ 56,4m til gamalt grensetre (60),vidare rett,omlag $1^g$,8,8m til gamalt grensetre (61) og vidare til sydgrensa for bygdevegen like ved.

Grensa går så vidare sydaustover etter sydgrensa for bygdevegen til den når vestgrensa for bnr.25.Vidare går så grensa rett, omlag $240^g$ til nedsett stein (62) like ved,vidare 16,1m til jordmerke (63),vidare rett,omlag $160^g$,22,7m til kryss i berg (64),vidare rett,omlag $225^g$,22,5m til jordmerke (65),vidare rett,omlag $158^g$,27,0m til jordmerke (66),vidare rett,omlag $129^g$,16,8m til jordmerke (67),vidare rett,omlag $83^g$,12,5m til til jordmerke (68),vidare rett,omlag $34^g$,41,2m til jordmerke (69) og vidare i same retning til bygdevegen.

Grensa frå grensepunkt nr.68 og til bygdevegen danner vestgrense for gamal tilkomstveg til utmarka.

Grensa tar så til i sydgrensa for bygdevegen og går rett,omlag $234^g$ til jordmerke (70),59,4m til nedsett stein (71) og 0,4m til vinkelpunkt.Vidare går grensa rett,omlag $131^g$,0,1m til nedsett stein (72),55,4m til nedsett stein (73) og omlag 1,5m til midten av bekk.Grensa går så vidare omlag 35m sydover etter midten av same bekk.Frå bekken går så grensa vidare rett,omlag $108^g$,2,0m til nedsett stein (74) og 21,7m til nedsett stein (75).Grensa vinklar atter her og går rett,omlag $25^g$,37,3m til jordmerke (76),vidare rett,omlag $26^g$,48,7m til jordmerke (77) og i same retning til bygdevegen.

STATENS KARTVERK

Grensa tar så til i sydgrensa for bygdevegen og går rett,omlag $226^g$ til jordmerke (78) og 40,3m til kryss i jordfast stein (79).Her vinklar grensa og går rett,omlag $121^g$,31,0m til kryss i berg (80).Vinklar atter her og går rett,omlag $22^g$,16,6m til kryss i berg (81),vidarerett,omlag $18^g$,20,8m til nedsett stein (82) og i same retning til sydgrensa for bygdevegen.

Grensa går så vidare langs sydsida av bygdevegen omlag 44m aust-

over til midten av ein bekk.Grensa går så vidare sydover etter midten av nevnte bekk,omlag (54)m.Grensa går så vidare rett,omlag $179^g$,til jarnstolpe (83) på austsida av bekken, vidare 46,0m til nedsett stein (84).
Grensa vinklar her og går rett,omlag $93^g$,32,6m til nedsett stein (85) og vidare til sydaustre hjörne av eigedomen bnr. 80.Vidare er så skiftefeltet avgrensa av bnr.$1^s$ grense mellom inn-og utmark heilt austover til grensa mot nabogardane Sandnes.Vidare er så utmarksområdet,den såkalla Arntröskogen tatt med i jordskiftet.Ein mindre del av innmarka til bnr.1 og 3 er også berört av saka.
Eigedomen gnr.110 bnr.32 som ligg på nordsida av Grytdals-vegen er ikkje med i jordskiftefeltet men ligg inne i dette.Den har sine grenser uendra slik:
<u>Grense nr.$3^b$</u> for bnr.32 tar til i jordmerke (86) i det sydaustre hjörne av eigedomen og går rett med retning,omlag $52^g$,34,7m til jordmerke (87),vidare rett,omlag $358^g$,14,7m til jordmerke (88) og o,8m til vinkelpunkt i gml. grensefuru,Grensa går vidare rett,omlag $253^g$,16,8m til jordmerke (89),vidare rett,omlag $272^g$,25,5m til jordmerke (90).
Grensa vinklar atter her og går rett,omlag $139^g$,23,5m til utgangspunktet,grensepunkt nr.86.

<u>II.Grenser innan skiftefeltet.</u>

<u>Grense nr.4</u> tar til i grensepunkt nr.84 i grense nr.3 og går rett med retning,omlag $295^g$,31,3m til kryss i jordfast stein (91).Her vinklar grensa og går rett,omlag $205^g$, 56,0m til nedsett stein (92),63,5m til nedsett stein (93), 42,4m til nedsett stein (94),49,5m til nedsett stein (95), 60,2m til nedsett stein (96),68,1m til kryss i berg (97), 60,8m til nedsett stein (100),72,0m til nedsett stein (101) og 77,6m til kryss i berg (102).Her vinklar grensa og går

rett,omlag $295^g$,100,2m til kryss i berg (103).Grensa vinklar atter her og går rett, med retning omlag $6^g$,109.9m til nedsett stein (104),150,3m til nedsett stein (105),55,7m til nedsett stein (106),72,0m til nedsett stein (107),78,1m til nedsett stein (108),100,0m til nedsett stein (109) og 39,5 m til grensepunkt nr.75 i grense nr.3.

<u>Grense nr.5</u> tar til i sydgrensa for riksvegen og går rett,omlag $260^g$ til nedsett stein (110) som står omlag 4m frå sydsida av vegbanen.Grensa går rett i same retning 64,5m til nedsett stein (111),29,4m til nedsett stein (112),61,0m til nedsett stein (113),46,6m til nedsett stein (114) og 0,2m til vinkelpunkt. Grensa går vidare rett,omlag $318^g$,0,3m til nedsett stein (115), 54,2m til nedsett stein (116) og 62,5m til kryss i jordfast stein (117).Her vinklar atter grensa og går rett,omlag $399^g$, 12,6m til kryss i jordfast stein (118),68,9m til nedsett stein (119),55,3m til nedsett stein (120) og i same retning til grensa for bnr.32,grense nr.$3^b$.Grensa tar så vidare til i nordgrensa for bnr.32 og går med same retning som tidlegare til kryss i stein i elveforbygning (121) og i same retning til grense i elva (grense nr.2).Avstanden mellom grensepunkt nr. 120 og nr.121 er 58,7m.

<u>Grense nr.6</u> tar til i grensa i Grytåa (grense nr.2) og går rett omlag $117^g$ til kryss i stor steinblokk (122) i elvekanten, vidare 50,8m til nedsett stein (123),59,2m til nedsett stein (124) og 3,5m til vinkelpunkt.Vidare går grensa rett,omlag $173^g$,0,3m til nedsett stein (125),42,3m til nedsett stein (126), 60,4m til kryss i jordfast stein (127),45,7m til nedsett stein (128),45,9m til nedsett stein (129),51,9m til nedsett stein (130),43,2m til nedsett stein (131) og 41,2m til borhol i berg (132).Her vinklar grensa og går rett,omlag $209^g$,38,1m til ned sett stein (133),60,7m til nedsett stein (134) og 0,5m til

STATENS KARTVERK

vinkelpunkt.Grensa går så vidare rett,omlag $316^g$,0,4m til nedsett stein (135),26,4m til nedsett stein (136),58,4m til kryss i jordfast stein (137),55,0m til nedsett stein (138), 38,4m til nedsett stein (139),87,5m til nedsett stein (140) 22,1m til kryss i stein (141) i elvekanten og vidare til grensa i Grytåa,grensa nr.2.

<u>Grense nr.7</u> tar til i austsida av veg nr.3 og går rett, omlag $105^g$ til nedsett stein (142) like aust for vegen, vidare 38,4m til nedsett stein (143),58,2m til nedsett stein (144),12,8m til nedsett stein (145),31,5m til nedsett stein (146) og 0,3m til vinkelpunkt.Vidare går grensa rett,omlag $193^g$,0,2m til nedsett stein (147),47,1m til nedsett stein (148) og 0,2m til vinkelpunkt.

Grensa går så vidare rett,omlag $306^g$,0,2m til nedsett stein (149),31,8m til nedsett stein (150) og vidare 4,2m til midten av vegen over stölen,veg nr.2.

<u>Grense nr.8</u> tar til i austsida av veg nr.3 og går rett, omlag $106^g$ til nedsett stein (151) like ved vegkanten, vidare 43,2m til nedsett stein (152),53,0m til nedsett stein (153) og 6,2m til midten av veg nr.2.

<u>Grense nr.9 for Arntröskogen.</u>

STATENS KARTVERK

I fölgje skifteplanen er grensa for Arntröskogen nå slik: Grensa tar til i nordsida av bygdevegen og går nordover omlag 32m etter austsida av gamal framkomstveg,som innteikna på kartet.Grensa vinklar så og går rett,omlag $64^g$ til nedsett stein (154) ved vegkanten,vidare 40,0m til nedsett stein (155) og 0,3m til vinkelpunkt.Vidare går grensa rett,omlag $378^g$,0,3m til nedsett stein (156) og 17,7m til nedsett stein (157),vidare rett,omlag $372^g$,17,7m til nedsett stein (158),vidare rett,omlag $380^g$,19,0m til nedsett stein (159),vidare rett,omlag $319^g$,16,4m til nedsett stein

_160),vidare rett,omlag $235^g$,41,8m til nedsett stein (161) og 1,0m til grensa mot bnr.96.

Grensa går så vidare etter oppsett gjerde,som innteikna på kartet,til kryss i berg (162).Grensa går vidare rett,omlag $275^g$ 3,7m til midten av vestre portstolpe (163).Grensa går så vidare rett,omlag $180^g$,15,0m til jordmerke (164).Her vinklar grensa og går rett,med retning $280^g$ til midten av "bekken".Grensa går så vidare sydover etter midten av "bekken" til nordsida av den gamle bygdevegen.

Grense nr.10 på innmarka,tar til i det sydaustlege hjörne av bnr.8 og går rett,omlag $141^g$ til nedsett stein (165) tett ved hjörnet,vidare 12,9m til nedsett stein (166) og 0,5m til vinkelpunkt.Grensa går så vidare rett,omlag $249^g$,0,2m til nedsett stein (167),41,4m til nedsett stein (168),38,4m til nedsett stein (169) og 0,2m til grensa mot bnr.50.

Grensa går så vidare nordvestover etter grensa mot bnr.50 og til det sydvestlege hjörne av eigedomen bnr.8.

Grense nr.11tar til i grensepunkt nr.126 i grense nr.6 og går rett med retning $317^g$ til grense nr.2 i Grytåa.Det vil seie at grensa går parallelt med förste oppgjevne retning i grense nr.6.

Ein skal gjere merksam på at alle oppgjevne avstander er horisontale mål.Nedsette steinar er innhogd med kryss og oppgjevne retningar ref. seg til sant nord og med sirkeldeling $400^g$.

III.Eigedomstilhöve.

Litra A,bnr.1 og 3,eigar Stig Sæterbö har fått utlagt del av skiftefeltet slik:

Teig nr.1 stöyter i sydaust til heile grense nr.1,ivest til del av grense nr.2.Vidare stöyter så teigen til heile grense nr.6,atter til del av grense nr.2 og vidare til heile grense nr.5 og litt av grense nr.$3^b$.

I nord stöyter så teigen först til del av grense nr.3,vidare

STATENS KARTVERK

til heile grense nr.4 og deretter til resten av grense nr.3 og eiga innmark.Innan denne teigen ligg seterteigane til litra B og C.

Teig nr.2 arntröskogen er avgrensa av grense nr.9.

Litra B,bnr.4,eigar Ola Hjeldnes har fått sin del av jordskiftefeltet utlagt i 2 teigar.

Teig nr.1,Ulshammarteigen stöyter i nord til del av grense nr. 3,i aust og syd til del av grense nr.5,i vest til del av grense nr.5,del av grense nr.$3^b$ og del av grense nr.2.

Teig nr.2 sterteigen er utlagt i samband med lita $B^s$ gamle stöl.Nordgrensa for den gamle stöl er oppfriska.Av praktiske omsyn vert litra $B^s$ eigedom på og ved .setara skildra under eit slik:

Teigen stöyter i nord til del av grense nr.7,i aust til midten av veg nr.2,i syd til heile grense nr.8 og i vest til austsida av veg nr.3.

Lira C,bnr.8,eigar Ole Engli har fått utlagt sin del av skiftefeltet i 4 teigar.

Teig nr.1 i Grytdalen stöyter i nord til heile grense nr.11, i aust og syd til del av grense nr.6 og i vest til del av grense nr.2.

STATENS KARTVERK

Teig nr.2 seterteigen er regulert og har fått si avgrensing slik:Teigen stöyter i nord,aust og syd til del av grense nr.7 og i vest til midten av veg nr.2.

Teig nr.3,innmarksteigen,stöyter i nord til eiga innmark, i aust,syd og vest til heile grense nr.10.

Teig nr.4,utviding av gardstunet,stöyter i vest,nord og aust til eiga innmark og i syd til del av grense nr.9.

Litra E,bnr.52,eigar Ole Engli har fått sin del av skiftefeltet utlagt slik:Teig ved Grytåa stöyter i nord og aust til del av grense nr.6,i syd til heile grense nr.11 og i vest til del

av grense nr.2 i Grytåa.

Lira D,bnr.50,eigar Helge Hjeldnes har fått sin del av skiftefeltet utlagt i ein teig.

Teigen stöyter i nord til del av grense nr.3 og i aust,syd og vest til heile grense nr.4.

Litra F,bnr.85,eigar Halsa komm. kraftverk har sin eigedom Rörgata uendra av skifteplanen.Eigedomsgrenser og rettar er som skildra i skylddelingsforretning av 3.desember 1949.

Den 22.oktober 1981,kl.9.00 var jordskifteretten atterrsamla til möte i rettslokalet.Ingen av partane var innkalla eller mötte.Jordskifteretten tok nå opp til behandling og avgjerd dei spörsmål som vart dröfta under mötet den 6.oktober 1981.

Dei resultat jordskifteretten kom fram til vart tilfört rettsboka slik:

IV.Gjerdehald.

Der er ikkje pålagt gjerdeplikt i jordskiftefeltet.Jordskifteretten har funne det praktisk med slik gjerdeordning:

Eigar kan fritt gjerde og verne om sin eigedom.Dersom nabo vil gjerde og haustar nytte av tidlegare oppsett gjerde,skal han overta halvparten av gjerdet og kostnadene på den aktuelle tilstöytande strekning.Mellom inn-og utmark gjerder ein kvar for eiga innmark.

V.Standskog.

Som fölgje av skifteplanen er det ein del skog som vert ståande på annan eigars grunn.Skogen på dei areal som ved dette jordskifte skifter eigar skal kunne hoggast av den gamle eigaren. Slik skog må vere hogd og fjerna innan 4 år rekna frå den tid denne saka trer endeleg ikraft.Skog som vert ståande etter den tid tilfell den nye eigaren av grunnen.

VI.Rett til sand.

I teigen til lita B.Ulshammarteigen er der sandforekomster. Utbytte av denne sanden har tidlegare vore fordelt etter fölgjande hövetal:

Litra A,gnr.110 bnr.1 og 3...........39.5%
Litra B,gnr.110 bnr.4.............. 50,0%
Litra C,gnr.110 bnr.8 .............. 6,8%
Litra D,gnr.110 bnr.50............. 3,7%

På grunn av vanskelege terrengtilhöve finn jordskifteretten det rimeleg at det må vere eigaren av litra B,bnr,4 som til ei kvar tid avgjer om der skal kunne eeljast sand i området.Utbytte skal i tilfelle delast etter dei ovafor oppförte hövetal.

Litra A,C og D skal vederlagsfritt ha rett til å hente sand til bruk på eigen eigedom.Litra B påviser kvar slik san kan hentast.

VII.Vegar.

Veg nr.1 ,Grytdalsvegen står ved lag.

Veg nr.2 frå veg nr.1 over Hjellnessetra og til grensa mot Sandnes.Vegen er tidlegare grovplanert av eigarar på nabogarden Sandnes.

Vegen skal kunne opparbeidast til skogsbilveg,med eventuell nödvendig omregulering av vegen frå Hjellnessetra og fram til grensa mot Sandnesgardane.

Kostnadene med vidare opparbeiding og vedlikehald av denne vegen har jordskifteretten fordelt slik:

Litra A skal yte 32%
Litra B " " 6%
Litra C " " 2%
Gardane Sandnes yter 60%.

Tidlegare kostnader som gardane Sandnes har hatt vedk. denne

reknar jordskifteretten er erstatta ved at garden Hjellnes ofrar grunn til vegen.
For vegen skal der veljast ein tilsynsmann med ei funksjonstid på 3 år.Tilsynsmannen skal lede og setje igang arbeidet.För funksjonstida er ute skal tilsynsmannen syte for at det vert halde nytt valg.Jordskifteretten bestemte at eigaren av litra A,Stig Sæterbö skal vere tilsynsmann dei förste 3 åra.
För arbeidet med vegen vert sett igang skal tilsynsmannen sökje nödvendig kontakt med heradsskogmester for finstikking av vegen og også med tanke på söknad om tilskot.Arbeidet med vegen skal kunne setjast i gang når minst 40% av dei interesserte krev det,rekna etter hövetal.
Veg nr.3 frå inntaksdammen langs austsida av Rörgata og med forgreiningar h.hv. til vasstårnet og til Grytdalsvegen,står ved lag.Vegen skal kunne utbetrast til 4m köyrebane.
Forutan kraftverket litra F skal litra A,B og C ha rett til å nytte denne vegen.
Veg nr.4.Frå innmarka til litra A og gjennom teigen til litra D er der planlagt ein skogsveg,omlag som innteikna på jordskiftekartet.Vegen kan opparbeidast som traktorveg kl.V.Helge Hjeldnes for litra D,har i jordskifteretten uttalt at han nå ikkje har interesse for denne vegen.Dersom eigaren av litra A arbeider opp vegen og litra D likevel seinare skulle finne det tenleg å nytte vegen skal han betale 15% av tidlegare kostnader med opparbeiding.
Dei gamle vegrettane frå den gamle bygdevegen og til samband med skogsmarka,veg nr.5 og 6er innteikna på jordskiftekartet og står ved lag uendra.
Den gamle "Snekvikvegen" opp gjennom teigen til litra B har i det vesentlege vore nytta til drifting av beitedyr til garden Hjellnes[s] beiteområder.Etter jordskifterettens vurdering kan

STATENS KARTVERK

denne vegretten,etter slik tilhöva er idag,falle bort utan skade for nokon eigedom.

Vegrett til bnr.32.Som tidlegare opplyst i jordskifteretten har denne eigedomen fått vegrett etter Grytdalsvegen.Frå Grytdalsvegen over teigen til litra B skal bnr.32 ha vegrett til samband med sin eigedom.Vegen skal kunne opparbeidast med inntil 3m köyrebane,dertil kjem nödvendige gröfter og skråningar.Vegen er innteikna på jordskiftekartet.

Generelt:Der ein ikkje på rimeleg måte kan kome fram med skogsvyrke over eigen teig i skiftefeltet skal ein kunne köyre over annan eigars teig der.Slik transport må utförast på ein slik måte at ein gjer minst mogleg skade på annan eigars grunn.

Samtlege utlagte vegar er bruksrettar slik at grunnen i kvart enkelt tilfelle tilhöyrer den eigedom vegen går over.

Magne Hestflott har for jordskifteretten framhalde at gardane Sandnes framleis har rett til å nytte den gamle bygdevegen over garden Hjellnes til samband med gardane Sandnes. Han har vidare uttalt at for hans del var denne retten nå av interesse som ride-eller gangveg.

For jordskifteretten er der opplyst at den gamle bygdevegen, som gjennomgangsveg,vart nedlagt i samband med fullföringa av den nye riksvegen.Jordskifteretten finn derfor ikkje,i samband med denne jordskiftesaka å kunne leggje ut nokon serskild vegrett til gardane Sandnes,over innmarka til garden Hjellnes.

VIII.Jakt,fangst og fiske.

Retten til jakt,fangst og fiske i jordskiftefeltet er uröyvd av denne saka.

STATENS KARTVERK

## IX.Avlöysing av gjensidige beiterettar.

I samband med grenseoppgang i 1860 mellom garden Hjellnes og gardane Sandnes vart der samstundes inngått avtale om bruken av beitet i ein del av seterområdet.
Stig Sæterbö,for litra A har forlangt avlöysing av denne gjensidige beiteretten.I fölgje grensedokumentet skulle det vesentlege av det aktuelle "Havnegangsstykket" ligge på gardane Sandnes sine områder.Jordskifteretten er etter nærmare vurdering komen til at desse felles beiterettar,utan skade for nokon av partane kan falle bort.Tvert imot ser ein det som ein föremon at partane får fritt rådvelde over sine eigedomar på kvar si side av grensa.Desse rettane vart vel også i 1860 rekna for å vera nokon lunde likeverdige.Det skulle såleis ikkje vere nödvendig eller noko grunnlag for å vurdere nokon kompensasjon til den eine av partane.

Vedtak.

Den gjensidige beiteretten som vart etablert i 1860,mellom garden Hjellnes og gardane Sandnes i setermarka skal falle bort,utan serskild vederlag partane imellom.

## X .Jordskiftets omfang.

Med dei unnatak som er gjort i denne saka er dei beskrevne teigar utlagt til full eigedom.

## XI.Kostnader i samband med jordskiftet.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Möte | 8mai og 8.juni | 1979 | kr.1699,- |
| " | 5.-6. sept. | " | " 1723,80 |
| " | 26.sept. | " | " 833,- |
| " | 16.juni | 1980 | " 2368,- |
| " | 6.og 22.okt. | 1981 | " 1540,- |

Utskr. frå Statarkivet v/rettsform. Kr.74,-
Grensemerker,13 fjell. a kr.20,- " 260,-
10 jordm. " " 35,- " 350,-

| | | |
|---|---|---|
| Grensemerker,8 morenem. v/rettsform. | kr.253,45 | |
| Tinglysing | " 50,- | |
| Merkeredskap | " 300,- | |
| Handlangerutg. | 3630,- | kr.4917,45 |
| | Sum | kr.13081,25 |

Jordskifteretten har forskottert kostnadene slik:

| Gnr/bnr. | Sk.bet. | Har bet. | Arb. | Sum | Skyld. | tilg. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 110/1,3 S.Sæterbö | 4900,25 | 2455,80 | 1485,- | 3940,80 | 959,45 | |
| 4.Ola Hjeldnes | 1390,- | 1600,- | 555,- | 2155,- | | 765,- |
| 8,52 Ole Engli | 1775,- | 1468,- | 540,- | 2008,- | | 233,- |
| 50 Helge Hjeldnes | 1391,- | 1100,- | 525,- | 1625,- | | 234,- |
| 28 Halsa kommune | 100,- | | | | 100,- | |
| 46,79,85 Halsa kom. kraftverk | 300,- | | | | 300,- | |
| 80 G.Skoglund | 100,- | | | | 100,- | |
| 49 L.K.Sæter | 100,- | | | | 100,- | |
| 12 Berit Hjeldnes | 100,- | | | | 100,- | |
| 13 Guri Hovde | 100,- | | | | 100,- | |
| 44 Henry Södal | 100,- | | | | 100,- | |
| 51 Ragna Hjellnes | 100,- | | | | 100,- | |
| 31 Trygve Myren | 100,- | | | | 100,- | |
| 34 Birgit Jakobsen | 100,- | | | | 100,- | |
| 25 Ivar L. Botten | 100,- | | | | 100,- | |
| 78 Bergl. Iversen | 100,- | | | | 100,- | |
| 20 Bergl. Ness | 100,- | | | | 100,- | |
| 16 H.K.Haltbakk | 100,- | | | | 100,- | |
| 18 Lilly Stamnes | 100,- | | | | 100,- | |
| 44 Johs.Gillebo | 100,- | | | | 100,- | |
| 6 Edv. Snekvik | 100,- | | | | 100,- | |
| 96 M.Elgsås | 100,- | | | | 100,- | |
| 32 S. Hestnes m.fl. | 100,- | | | | 100,- | |
| 111/1 Jon Sandnes | 350,- | | | | 350,- | |

STATENS KARTVERK

| Gnr/bnr. | Sk.bet. | Har bet. | Arb. | Sum. | Skyld. | t.gode. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 111/2 E.J.Hestnes | 350,- | | 90,- | 90,- | 260,- | |
| 111/3 M.Hestflott | 350,- | | 435,- | 435,- | | 85,- |
| 112/1,2.Jon Dyrset | 50,- | | | | 50,- | |
| 112/3,4.A.J.Sandnes | 425,- | | | | 425,- | |

Följande har betalt sine sakskostnader:Stig Sæterbö for 110/1,3. Halsa komm. for 110/28.Halsa komm. kraftverk for 110/46,79,85. Birgit Jakobsen for 110/34.Bergljot Iversen for 110/78.Halvor K. Haltbakk for 110/16.Magnus Elgsås for 110/96.Sverre Hestnes for 110/32.Jon Dyrset for 112/1,2.

Resterande skyldige belöp skal betalast inn til rettsformannen innan 14 dagar etter at saka er kunngjort for partane.Rettsformannen betaler så ut til dei som har tilgode.

XII .Ymse.

Tinglyst utskrift av rettsboka og kopi av jordskiftekartet skal oppbevarast hjå eigaren av gnr.110 bnr.1 og 3.Utskrift og kart er partane sin felles eigedom.

XIII.Ikraftsetjing.

Jordskiftet over Hjellnes gnr.110 m.fl. i Halsa herad trer i kraft den 18. januar 1982.

XIV.Kunngjering.

Partane vil få tilsendt utskrift av rettsboka i rekomandert brev. Kunngjeringsdatoen er 16. november 1981.

XV .Avslutning av saka.

Saka vart avslutta ved opplesing av rettsboka for möta 6. og 22.oktober 1981.Kapitel I,II og III vart ikkje opplest. Partane hadde fått skriftleg innkalling til avslutningsmötet som var tidsett til kl.15.00 same dag.

Til stades var:Stig Sæterbö,Helge Hjeldnes,Ola Hjeldnes,Ole Engli og Arnt Engli,Börge Blekken,Jon Dyrset.

Rettsformannen ga opplysning om reglane for anke og viste til

STATENS KARTVERK

Jordskiftelovens §§ 61,63,64,66,67,68,71,72 og 91.

På spörsmål frå rettformannen kom der ingen merknader til forhandlingane eller föring av rettsboka.

Retten heva

Enge den 22.oktober 1981.

Hans O. Vikhagen (sign)    Per Vatten (sign)    Sivert Botten (sign)

Rett utskrift: Hans O Vikhagen

Koordinatoppgave

i N.G.O^s. aksesystem II av 1962 over grensepunkt vedk. jordskiftesak nr.2/1977,Hjellnes i Halsa.Saka avslutta i Nordre Nordmöre jordskifterett den 22.okt. 1981.

| Grensepunkt nr. | x | y |
|---|---|---|
| 1 | 570 032.46 | 10 425.08 |
| 2 | 570 000.01 | 10 356.08 |
| 4 | 569 959.16 | 10 341.35 |
| 5 | 569 931.97 | 10 319.95 |
| 9 | 569 765.29 | 10 156.67 |
| Vinkelpkt.13-14 | 569 624.71 | 9 846.79 |
| 23 | 569 246.23 | 9 064.45 |
| 25 | 569 080.71 | 8 995.26 |
| 30 | 568 682.00 | 8 971.84 |
| 31 | 570 807.91 | 8 752.17 |
| 33 | 570 802.67 | 8 774.48 |
| 34 | 570 788.81 | 8 861.09 |
| 35 | 570 747.48 | 8 872.57 |
| 36 | 570 749.57 | 8 878.16 |

STATENS KARTVERK

| Grensepkt. nr. | x | y |
|---|---|---|
| 37 | 570 737.60 | 8 881.14 |
| 38 | 570 739.06 | 8 887.74 |
| 39 | 570 728.43 | 8 892.64 |
| 41 | 570 587.73 | 9 088.38 |
| 42 | 570 576.68 | 9 106.70 |
| 43 | 570 549.38 | 9 116.20 |
| 44 | 570 539.95 | 9 126.36 |
| 45 | 570 520.68 | 9 170.47 |
| 46 | 570 543.18 | 9 178.68 |
| 47 | 570 539.88 | 9 208.05 |
| 48 | 570 526.74 | 9 203.41 |
| 49 | 570 519.28 | 9 226.21 |
| 50 | 570 531.80 | 9 228.47 |
| 51 | 570 472.98 | 9 330.66 |
| 52 | 570 449.83 | 9 339.85 |
| 53 | 570 440.27 | 9 374.78 |
| 54 | 570 442.01 | 9 384.94 |
| 55 | 570 429.42 | 9 383.86 |
| 56 | 570 411.20 | 9 408.75 |
| 57 | 570 421.00 | 9 432.19 |
| 58 | 570 417.75 | 9 433.08 |
| 59 | 570 430.11 | 9 468.19 |
| 60 | 570 458.25 | 9 517.05 |
| 61 | 570 467.05 | 9 517.15 |
| 62 | 570 436.31 | 9 570.29 |
| 63 | 570 423.37 | 9 560.78 |
| 64 | 570 405.10 | 9 574.19 |
| 65 | 570 384.33 | 9 565.64 |
| 66 | 570 362.92 | 9 582.05 |
| 67 | 570 355.58 | 9 597.12 |

STATENS KARTVERK

| Grensepkt.nr. | x | y |
|---|---|---|
| 68 | 570 358.92 | 9 609.19 |
| 69 | 570 394.26 | 9 630.28 |
| 70 | 570 389.92 | 9 631.70 |
| Vinkelpkt.71-72 | 570 338.84 | 9 600.67 |
| 73 | 570 312.53 | 9 649.57 |
| 74 | 570 275.67 | 9 659.84 |
| 75 | 570 273.02 | 9 681.37 |
| 76 | 570 307.47 | 9 695.61 |
| 77 | 570 352.08 | 9 715.22 |
| 78 | 570 355.03 | 9 720.08 |
| 79 | 570 318.21 | 9 703.81 |
| 80 | 570 308.10 | 9 733.12 |
| 81 | 570 323.67 | 9 738.76 |
| 82 | 570 343.61 | 9 744.57 |
| 83 | 570 278.38 | 9 783.00 |
| 84 | 570 234.88 | 9 797.89 |
| 85 | 570 238.25 | 9 830.31 |
| 86 | 570 690.96 | 8 719.92 |
| 87 | 570 714.88 | 8 745.00 |
| 88 | 570 726.54 | 8 736.07 |
| 89 | 570 715.19 | 8 723.72 |
| 90 | 570 704.33 | 8 700.65 |
| 91 | 570 232.44 | 9 766.66 |
| 102 | 569 684.15 | 9 722.56 |
| 103 | 569 670.31 | 9 623.29 |
| 110 | 570 690.00 | 8 939.58 |
| 113 | 570 566.27 | 8 846.44 |
| 117 | 570 561.77 | 8 706.04 |
| 120 | 570 698.57 | 8 702.95 |
| 123 | 570 468.90 | 8 680.23 |

STATENS KARTVERK

| Grensepkt.nr. | x | y |
|---|---|---|
| Vinkelpunkt 124-125 | 570 452.60 | 8 740.81 |
| 132 | 570 152.08 | 8 878.42 |
| 133 | 570 114.03 | 8 874.60 |
| 142 | 569 429.16 | 8 764.44 |
| Vinkelpkt.146-147 | 569 416.75 | 8 905.12 |
| " 148-149 | 569 369.47 | 8 909.58 |
| 150 | 569 370.47 | 8 877.59 |
| 151 | 569 305.04 | 8 766.62 |
| 153 | 569 296.36 | 8 862.41 |

Beregningsresultatene er tilfört rettsboka den 27.okt. 1981.

Hans O. Vikhagen
(sign)

Rett avskrift: Hans O. Vikhagen

JORDSKIFTEDOMAR UTAN FAST ...

STATENS KARTVERK




GRENSEKART

vedr. gnr. 110, bnr. 4 og 56

i

Halsa herad

Möre og Romsdal Fylke

Komplettert 1979

av

Edvin Sunde

jordskiftetekn.

Målestokk 1:1000

Koordinatoppgave:

| Grensepkt. | y | x |
|---|---|---|
| (1) | 8.861,09 | 570.788,81 |
| (2) | 8.774,48 | 570.802,67 |

Utdrag av Rettsbok

for

Møre og Romsdal jordskifteoverrett.

År 1982 den 27. april vart det halde jordskifteoverrett i kommunehuset på Enge, Halsa.

Rettens formann: Jordskifteoverdommar Ingvald Harvold.

Jordskiftemenn: 1. Kjell Aarnes, 6660 Bæverfjord.

2. Knut M. Sollid, 6660 Bæverfjord.

3. Martha Gravvold, 6664 Bøfjorden.

4. John J. Heggem jun., 6664 Bøfjorden.

Førar av rettsboka: Jordskifteteknikar Øystein Eik.

Sak nr. 4/1982.

Saka gjeld: Overjordskifte. Anke over jordskiftesak på Hjellnes m.fl. i Halsa, slutta 22. oktober 1981.

Ankepartar:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. Eigaren av gnr. 110/8,52, | Ole Engli, | 6687 Enge | |
| 2. " " " 111/1, | John Sandnes, | " | " |
| 3. " " " 111/2, | Ellen Hestnes, | " | " |
| 4. " " " 111/3, | M. Hestflått, | " | " |
| 5. " " " 112/3, | Arnt J. Sannes, | " | " |

STATENS KARTVERK

Ankemotpartar - andre partar:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1. | Eigaren av gnr. | 110/1, 3, | Stig Sæterbø, | 6687 Enge. |
| 2. | " " " | 110/4, | Ola Hjelnes, | " " |
| 3. | " " " | 110/6, | Edv. Snekvik, | " " |
| 4. | " " " | 110/12, | Berit Hjelnes, | " " |
| 5. | " " " | 110/13, | Guro Hovde, | " " |
| 6. | " " " | 110/14, | Johs. Gillebo, | " " |
| 7. | " " " | 110/16, | Halvor K. Haltbakk, | " " |
| 8. | " " " | 110/18, | Lilly Stamnes, | " " |
| 9. | " " " | 110/23, | Bergljot Ness, | " " |
| 10.. | " " " | 110/25, | Ivar L. Botten, | " " " |
| 11. | " " " | 110/28, | Halsa kommune, | 6683 Vågland. |
| 12. | " " " | 110/31, | Trygve Myren, | 6687 Enge |
| 13. | " " " | 110/32, | Sverre J. Hestnes m.fl. | Hoelsand. |
| 14. | " " " | 110/34, | Birgit Jakobsen, | 6687 Enge. |
| 15. | " " " | 110/44, | Henry Sødal, | " " |
| 16. | " " " | 110/45, 79, 81, | Halsa komm. Kraftlag, | 6687 Enge. |
| 17. | " " " | 110/49, | Leif K. Sæter, | 6687 Enge. |
| 18. | " " " | 110/50, | Helge Hjeldnes, Øvre Flatås vei 5A, | 7079 Flatåsen. |
| 19. | " " " | 110/51, | Ragna Hjeldnes, | 6687 Enge |
| 20. | " " " | 110/72, | Odd Fjelnset, | " " |
| 21. | " " " | 110/78, | Bergliot Iversen, | " " |
| 22. | " " " | 110/80, | Grethe Skogland, | " " |
| 23. | " " " | 110/96, | Lars Elgsås, Lilletrøa 13, | 6600 Sunndalsøra. |
| 24. | " " " | 112/1, 2, | Jon Dyrset, | 6687 Enge |

Frammøtte partar:

Ankepartane nr. 1, 2, 4 og 5 møtte personleg. Saman med ankepart nr. 1 møtte Arnt Engli.

STATENS KARTVERK

For ankepart nr. 3 møtte John Hestnes.

Ankemotpartane nr. 1 og 2 møtte personleg.

For ankemotpart nr. 11 møtte Jonas Raknes. Ankemotpartane nr. 3 - 10 og 12 - 24 hadde fått lovleg innkalling, men møtte ikkje.

Rettsformannen refererte til §§ 106 - 108 i domstolloven. Ingen av partane eller jordskiftemennene visste om tilhøve som skulle gjere nokon av rettsmedlemane ugilde, og ingen hadde noko å merke til jordskifteoverretten slik den no var samansett.

Jordskiftemennene Kjell Aarnes, Knut M. Sollid og Martha Gravvold har tidlegare gitt den lovsette forsikring som jordskiftemenn. John J. Heggem jun. har ikkje gjort teneste som jordskiftemann før, og skriv no under slik

forsikring:

Eg forsikrar at eg i denne saka og i alle frantidige jordskiftesaker vil gjere pliktene mine ærleg og med truskap.

John Heggem
(sign.)

STATENS KARTVERK

Rettsformannen la fram:

1. Ankefråsegn, dat. 7/1-82, frå M. Hestflått, Ellen Hestnes, A. Sannes og John Sandnes.
2. Brev,dat. 15/1-82, til ankepartane om stadfesting av anke.
3. Stadfesting av anke, underskriven av ankepartane.
4. Melding til partane, dat. 8/2-82, om at anke er innkomen.
5. Ankefråsegn, dat. 18/2-81, få Ole Engli.
6. Gjenpart av brev, dat. 31/12-81, til Ole Engli.
7. Melding til partane om at anke er innkomen, dat. 15/1-82.
8. Følgjeskriv til saksdokument, dat. 24/2-82, frå Jordskiftedommaren i Møre og Romsdal utan fast sokn.
9. Innkalling til dette møtet, dat. 8. mars 1982, vedhefta kvittering for 29 rek.sendingar.

10. Brev, dat. 15/3-82, frå Ole Engli.
11. Brev frå kommuneingeniøren i Halsa, dat. 5/4-82, om stadfesting av reguleringsplan Hjeldnes, vedlagt kartkopi.
12. Brev, dat. 23/4 1982, frå heradsskogmeistaren om ei grenseregulering sør for Hjellnessetra.
13. Dokumenta for den saka det er anka over med kart og utrekningar.

Dok. nr. 1 - 12 vart refererte, og dok. nr. 13 låg framme på retten sitt bord.

Rettens formann refererte § 67 i jordskifteloven og forklarte korleis jordskifteoverretten arbeider. Han ba så ankepartane om å sette fram og grunngi ankene nærare.

Eigarane av gnr. 111 bnr. 1 - 3 og eigaren av gnr. 112 bnr. 3 og 4, John Sandnes, John Hestnes for Ellen Hestnes, M. Hestflått og A. Sannes synte til det som er sagt i dok, nr. 12, og sa frå om at dersom dei får ei grenseregulering mot gnr. 110 bnr. 1 og 3, omlag slik som skissert av heradsskogmeistaren, vil dei kalle anken sin attende.

Stig Sæterbø sa med det same ifrå at han var viljug til å vere med på den skisserte grensereguleringa.

Arnt Engli med samtykke frå Ole Engli sette fram slik anke: Heile Arntrøskogen (kartfig. nr. 39 på jordskiftekartet) må leggjast til gnr. 110 bnr. 8. Eigaren av gnr. 110 bnr.1 kan som vederlag for dette få att det bnr. 8 har fått av kartfig. nr. 40.

Ole Engli ba elles om å få innteke i rettsboka følgjande: "Teigene skal legges ut til full eiendom til det enkelte bruk. Beitet skal også etter jordskiftet kunne utnyttes av teigeierne i fellesskap, men dette skal ikke være til hinder for at dyrkbare områder kan kultiveres og innhegnes

permanent, og at teigeierne fritt kan drive skogkultur og om nødvendig innhegne områder under foryngelsesperioden. Ved innhegning av cmråder for dyrking og skogkultur må det ikke stenges for utnytting av de uinnhegnede områder for beiting."

Retten sammen med Ole Engli og Stig Sæterbø gikk på synfaring i området ved Arntrøskogen, og partane fekk på nytt høve til å halde fram sine syn på ankespørsmålet. Etter at eigarane på Sandnes har kalla attende ankeposten om veg nr. 2, var det ikkje turvande med synfaring oppe ved setra. Partane sa ifrå om at dei ikkje hadde fleire opplysningar å gi av interesse for ankehandsaminga, og dei vart permiterte til kl. 16.00 same dagen.

Retten meiner at anken gjeld spørsmål som kan prøvast for jordskifteoverrett. Jordskifteoverretten gjorde derfor samrøystes slikt

vedtak:

Det kravde overjordskiftet skal fremjast.

Jordskifteoverretten tok ankespørsmåla opp til vurdering og avgjerd. For stengde dører gjorde jordskifteoverretten samrøystes slikt

vedtak:

<u>1. Regulering av yttergrensa mot Sandnes ved veg nr.2.</u>

I dok, nr. 12 har heradsskogmeisteren skissert ei grenseregulering med det føremål å få veg nr. 2 til å følgje ei eigedomsgrense. Han har peika på at gnr. 111 er under jordskifte og at det må vere lett å ordne eit oppgjer mellom gnr. 111 bnr. 1 og gnr. 112 bnr. 3 i samband med jordskiftet på nabogarden. Jordskifteoverretten synest at den ordninga som dei interesserte partane og heradsskogmeisteren har skissert må vere praktisk og tenlæg.

Partane skreiv under på slikt

forlik:

1. <u>Regulering av yttergrensa for jordskiftefeltet.</u>

Det jordskifteretten har bestemt om grense nr. 1 frå grensemerke nr. 1 til 23 står vedlag uendra. Frå grensemerke nr. 23 og til merke nr. 30 blir grensa oppheva og erstatta av slik <u>ny grenseskildring</u>:

Frå grensemerke nr. 23 skal den regulerte grensa gå i retning omtrent $240^g$ 190 m til eit knekkpunkt som ligg 5 m NNV for polygonpkt. 6 på kartet over Hjellnes. Frå dette punktet går grensa SSA ($175^g$) først 5 m til polygonpkt. 6, så 136,9 m til polygonpkt. 7, og 105 m til den gamle skogteiggrensa mellom gnr. 111 bnr. 1 og 2. Herfå følgjer grensa den gamle skogteiggrensa mellom gnr. 111 bnr. 1 og 2 i retning $280^g$ 100 m til Grytåa. Dei oppgitte avstandane er kartmål.

2. Partane på Sandnes vil be Nordre Nordmøre jordskifterett om å korrigere innehavet mellom gnr. 111 bnr. 1 og gnr. 112 bnr.3 ved jordskiftet på Sandnes. Partane på Sandnes vil også be om at jordskifteretten samstundes merkar av den justerte yttergrensa.

3. Veg nr. 2 skal liggje med ein halvpart på kvar side av den regulerte grensa frå polygonpkt. 6 og sørover til gnr.111 bnr. 2 sin skogteig.

4. Det jordskifteretten har bestemt om veg nr. 2 står elles vedlag med det unnatak at vegen treng ikkje opparbeidast til skogsbilveg. Heradsskogmeisteren bestemmer kva for kvalitet vegen skal ha. Med tanke på fordeling av opparbeiding og vedlikehald er partane samde om at det gjeld same

STATENS KARTVERK

vegstrekning som bestemt av jordskifteretten ( til jordskifterettens yttergrense).

Enge, den 27. april 1982.

John Sandnes (sign.)
M. Hestflått (sign.)
for Ellen J.Hestnes
John A. Hestnes (sign.)

Arnt Sannes (sign.)
Stig Sæterbø (sign.)
Ola Hjeldnes (sign.)
Ole Engli (sign.)

Jordskifteoverretten synest at forliket er rimeleg til alle sider og godkjenner det.

Retten tok så opp anken frå Ole Engli.

Jordskifteoverretten kom samrøystes til at anken om Arntrøskogen ikkje kan imøtekomast, og ankeinstansen er samd i jordskifteretten si grunngiing for at Arntrøskogen ikkje bør skifte eigar.

Retten har diskutert Ole Engli sitt framlegg til beite- og gjerdeordning. Retten meiner at det jordskifteretten har bestemt under kap. IV om gjerdehald er ei betre ordning. Retten meiner at den ordninga ikkje bør endrast slik Ole Engli ønskjer.

Kostnadene med overjordskiftet.

---

Sum kr. 1738,-

Statens Kartverk

Då det etter rettens skjønn ikkje er gjort noko monaleg endring ved overjordskiftet, må ankepartane bere heile kostnaden som vart fordelt slik:

| | |
|---|---|
| Ankepartane frå gnr. 111 og 112 er pålagt tilsaman | kr. 1375,- |
| Ole Engli er pålagt | " 363,- |
| | kr. 1738,- |

Kostandene blir oppgjort ved at partane får attende innbetalt forskot minus pålagte kostnader.

Ikraftsetjing.

Den 22. oktober 1981 vart det slutta eit jordskifte på Hjellnes, gnr. 110 i Halsa. (Sak nr. 2/1977 ved Nordre Nordmøre jordskifterett). Denne saka - med den endring som er gjort ved overjordskiftet - blir sett i kraft den 18. juli 1982.

Fristar som jordskifteretten knytte til ikraftsettingsdatoen skal altså reknast frå 18. juli 1982.

Kunngjering.

Overjordskiftet blir kunngjort ved at partane får utskrift av rettsboka i rek. brev. Ankefristen er 2 månader frå kunngjeringa.

Rettsformannen las opp § 71 i jordskifteloven, og gjorde greie for reglane om anke.

REttsboka vart opplesen. Frammøtte var: Ole Engli, Arnt Engli, John Sandnes, John Hestnes, M. Hestflått, Arnt J. Sannes, Stig Sæterbø og Ola Hjeldnes.

På spørsmål kom det ingen merknad til møteleiinga eller rettsboka.

Retten heva.

Enge, den 27. april 1982.

Ingvald Harvold
(sign.)

Knut Sollid (sign.) Kjell Aarnes (sign.) Martha Gravvold (sign.) John Heggem (sign.)

Rett utskrift

Ingvald Harvold

STATENS KARTVERK

JORDSKIFTEDOMAREN I MØRE OG ROMSDAL